



Helland Eiendom & Invest AS
Idrettsvegen 3
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18207 - 21/1831

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
11.01.2021

Adressetildeling Austesundvegen 46A-D, 48A-D

Administrativt vedtak: Saknr: 048/21

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adressesetildeling:

Gnr	Bnr	Brukseining	Vegnavn	Tildelt husnr
477	79	H0201	Austesundvegen	46A
477	79	H0202	Austesundvegen	46B
477	79	H0101	Austesundvegen	46C
477	79	H0102	Austesundvegen	46D
477	79	H0201	Austesundvegen	48A
477	79	H0202	Austesundvegen	48B
477	79	H0101	Austesundvegen	48C
477	79	H0102	Austesundvegen	48D

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld

Det vart i november 2020 godkjent bygging av 2 4-mannsbustadar på tomt nr 5 og 6 på eigedommen 477/79. Adresser vart tildelt ved registrering av bygget i matrikkelen. Det vart også oppretta sak for tildeling av adresse, men dette vedtaket vart dessverre ikkje fulgt opp før no.


Tomtane rundt desse bustadane er ikkje oppretta endå. Bustadane er av same type som elles er oppført i dette feltet.

Vurdering

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling og adresse vert difor tildelt. Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Austesundvegen.

Det er sett av eit husnummer til kvar tomt her, og det vert difor nytta bokstav A-D i tillegg til husnummeret. Adresseringa av dette huset er gjort tilsvarende den tidlegare gjennomførte adresseringa i feltet.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendtt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nett sider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/18207

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Helland Eiendom & Invest AS

Idrettsvegen 3

5936

MANGER